



Invitasjon til møte om forsterking av sentralnettet i Sunnhordland og Rogaland

I samarbeid med Sunnhordland Kraftlag (SKL) inviterer vi med dette til eit møte om behovet for nye tiltak for å forsterka sentralnettet i Sunnhordland og Rogaland. I tillegg til å forsterka eksisterande leidningar, kan det og bli naudsynt å byggja ein ny for å gje tilstrekkeleg overføringskapasitet i området.

Kommunar som kan bli omfatta av tiltaka, blir inviterte til møtet.

I møtet ynskjer vi å gjera greie for dei årsakene som fører til at vi treng kapasitet til å kunne overføra meir kraft, og vil orientera om dei alternativa vi vil utgreia for å møte dette behovet. Vi ønskjer på dette viset å etablere ein tidleg dialog med dei kommunane saka gjeld og strekar under at dei konkrete planane som seinare blir utarbeidd, vil kome på høyring på vanleg vis.

Møtet blir halde i SKL sitt kontor i Leirvik, Lønningsåsen 2, Stord, 14 oktober kl 12:00 – 14:00.

Påmelding til møtet: Send epost **innen 7. oktober** til sebastian.eidem@statnett.no

Med venleg helsing

Tor Inge Akselsen
Direktør/Senior Vice President
Norden/Nordic Affairs

M +47 950 79 520
D +47 23 90 44 00
T +47 23 90 30 00

Statnett
Bergen Strandgaten Centre
Strandgaten 209
5004 Bergen

statnett.no